

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.07.2026

Vår ref.: 202612412-6 Oppgi ved kontakt

Høyring av detaljplan og konsesjonspliktige endringer for 132 kV Sandøy - Raunholmen og Raunholmen transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk 27. mai 2026 detaljplan frå BKK AS datert april 2026 for 132 kV kraftleidning mellom Sandøy og Raunholmen transformatorstasjonar og Raunholmen transformatorstasjon i Gulen kommune i Vestland fylke. Detaljplanen, som òg inneheld søknad om mindre, konsesjonspliktige endringar, blir no send på høyring. Vi ber om at de sender oss merknader til planen seinast 21. august 2026.

Kva inneheld detaljplanen?

Eit av krava i anleggskonsesjonen er at BKK skal utarbeide ein detaljplan. Ein detaljplan er ein plan for korleis BKK skal byggje anlegget for å oppfylle krava i konsesjonen.

Detaljplanen skal også konkretisere korleis anlegget skal byggjast og drivast slik at miljø og landskap blir vareteke best mogleg. Konsesjonæren skal ha utarbeidd planen i kontakt med Gulen kommune, grunneigarar og andre rettshavarar.

Detaljplanen må vere godkjend av NVE før anleggsarbeidet kan starte. Det er denne planen vi no har på høyring. Dokumenta er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/20515/A.

I kapittel fire i detaljplanen legg BKK fram endringar samanlikna med konsesjongitt løysing. Det er behov for eit noko større bygg i Raunholmen transformatorstasjon, noko som inneber at stasjonstomta aukar frå ca. 1400 m² til ca. 2100 m². Det er òg behov for nytt tak over eksisterande bygg i Sandøy transformatorstasjon.

Konsesjonssaka er ikkje på høyring

Løyvet til å byggje anlegga detaljplanen omfattar vart gitt i NVEs vedtak datert 14. januar 2026. Då konsesjonssaka vart behandla, var konsesjonssøknaden på offentleg høyring. Sjølv spørsmålet om det skal givast konsesjon, er derfor ikkje oppe til ny høyring no. Det er detaljplanen og endringane for anlegget vi ønskjer innspel til.

Konsesjonæren må varsle grunneigarar og rettshavarar om høyringa

Vi vil i eigen e-post til BKK sin kontaktperson orientere om korleis grunneigarar, rettshavarar, tverrbuarar og naboar skal varslast om høyringa.



BKK har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med rettshavarar og for å innhente nødvendige løyve etter andre lovverk.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Vi ønskjer tilbakemeldingar frå høyringspartane på den vedlagde detaljplanen og endringar av tiltaket som ikkje har vore belyst gjennom konsesjonsprosessen.

Forholdet til plan- og bygningslova

Energianlegg med konsesjon etter energilova er unnateke frå byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova.¹

Fristen for fråsegn

Vi ber om at fråsegner til detaljplanen vert sendt til NVE innan **21. august 2026**. Send inn fråsegn på ein av desse måtane:

- NVEs nettsider: www.nve.no/20515/A.
- e-post til nve@nve.no
- brev til NVE, postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Merk e-posten/brevet med «Fråsegn» og saksnummer 202612412 i emnefeltet, og oppgje namn i innleiinga. Om du du representerer ei verksemd må du også oppgje organisasjonsnummer.

NVE fører tilsyn med anleggsarbeidet

Bygginga av anlegget er underlagd offentleg tilsyn, og NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkåra og med godkjende planar. Vi vil også følge opp at anleggsområda blir forsvarleg rydda og istandsett. NVE kan gjennomføre inspeksjon for å kontrollere at anleggsarbeidet og sluttresultatet er i samsvar med konsesjonen og den godkjende detaljplanen. Vi ønskjer eit godt samarbeid med Gulen kommune og vil eventuelt invitere kommunen til å delta på desse inspeksjonane.

Med helsing

Matilde Anker
fagleiar

Marte Lundsbakken
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

¹ [Byggjesaksforskrifta § 4-3](#) (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggjesak).

**Mottakarliste:**

GULEN KOMMUNE

Grunneigarar/rettshavarar

Naboer/gjenboere

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

BKK AS

BKK AS - Per Ivar Trollnes Tautra